

Pinseafte, som er 10. mai, er det klart for ny låvedans på Dønhaug med to godt kjende band på scena. Hovudbandet denne gongen er ingen ringare enn det legendariske Stavangerensemblen. I tillegg vil Terje Frigaard Bluesband vera "supportband", dra det heile i gang og eventuelt. avslutta kvelden.

Stavangerensemblen stod også på plakaten i 2007, men måtte då melda forfall grunna sjukdom. Dette bandet var kanskje Norges mest populære på 80-talet. Svært mange av den vaksne generasjon kan songane til bandet som til dømes "Kan`kje finna fingern", "Ta ein kjangs", "Ska det ver, så ska der ver" og mange andre.

Frå 1977 til 1985 var bandet "kongar" på den norske musikkhaugen. Med ein visjon om å syngja rock`n roll på norsk, tok dei det norske publikummet med storm. Med eit vanvittig liveshow og med ein "smågal" Frode "Froddi" Rønli i spissen, sytte dei for "Stavangermania" i Norge.

Etter 16 års "taushet" frå Stavangerensemblen blei det "gjenforeingskonsert" på De Røde Sjøhus i Stavanger i 2001 til stor suksess. Etter denne konserten har Stavangerensemblen gjort eit fåtall konsertar kvart, og denne gongen er turen komen til Dønhaug. Dei som har opplevd deira siste konsertar, hevdar dei er betre enn nokon gong før, så gjestene kan allereide byrja å gleda seg til pinseafte.

Terje Frigaard Bluesband er heller ingen sinke på scena. Dei leverer tilliks med Stavangerensemblen eit forrykande liveshow. Terje Frigaard vert omtala som eit fyrverkeri av ein live-entertainer og leverer eit tøft, stilfullt og gnistrande blues-show med eit strålende band i ryggen, står det å lesa.

Vertskapet på Dønhaug føler seg trygge på at desse to banda vil skapa ei fantastisk stemning på låven denne kvelden.

Førehandsalet av billetter er allereide komen godt i gang, og billetter ligg ute på bensinstasjonane på Husnes, Uskedalen og Dimmelsvik, i tillegg til Spar i Uskedalen.

Som vanleg vil det bli sett opp bussar etter dansen til både indre og ytre luten av kommunen, i tillegg til taxiar og maxi-taxiar. På denne måten vil gjestene komma seg raskt og trygt heim når arrangementet er slutt.

Magne Huglen